
Saksnr: 2021/19895-2
Saksbehandlar Åge Avedal
Dato: 05.05.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Oppmoding om å løyve midlar til budsjettpost for kulturbygg med regionale funksjonar

Sunnhordland museum v/ styreleiar Gunnar Bakke og direktør Linda Øen kjem i brev av 29. april 2021 med oppmoding til hovudutval for kultur, idrett og integrering om å løyve midlar til budsjettpost for kulturbygg med regionale funksjonar.

Sunnhordland museum viser til at Hordaland fylkeskommune frå 2010 til 2019 hadde eigen budsjettpost med midlar til kulturbygg og eiga ordning for kulturbygg med regionale funksjonar. Denne budsjettposten vart gjerne sett i samanheng med Kulturdepartementet si tilskotsordning til nasjonale kulturbygg. Sunnhordland museum meiner usikkerheit knytt til fylkeskommunal medfinansiering gjer det krevjande å arbeide med finansiering av større kulturbygg-prosjekt.

Sunnhordland museum oppmodar også fylkeskommunen om å leggje opp ei prioritering av søkjarane som har søkt ordninga for tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, inn mot budsjett 2022.

Vedlegg

- 1 Oppmoding til hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune
- 2 Oppmoding om å løyva midlar til budsjettpost for kulturbygg med regionale funksjonar